



Faksimile frå travmagasinet til DNT, med Magne Huglen, Lena Iren Jensen og Terje Natland.

Kvinnherad Travlag er Noregs yngste travlag. Terje Natland er leiar. Lena Iren Jensen frå Uskedalen er nestleiar. Med i styret er også Malin Sele Kårstad. På medlemslista finn vi mellom anna Magne Huglen, Roy Døssland, Linda Jensen og Tommy Røssland. Gunvor Ullebust, som før budde i Uskedalen, har ein sentral rolle i miljøet med hesten sin og hennar sterke prestasjonar på travbanen.

Eit landsdekkande magasin har vore i Kvinnherad og laga ein fleire siders reportasje frå travmiljøet i Kvinnherad. De er intervju med leiaren, Terje Natland, og med fleire av medlemene. Det er vakre fotografi frå Dønhaug med Magne Huglen, Terje Natland og Lena Iren Jensen.

Kvinnherad Travlag vart skipa for tre år sidan. 85 % av laget sine hestar har vunne løp i 2018. Laget har 26 medlemmer. Det er nemleg eit minstekrav på 25 medlemmer for å vera med i travlaget på landsplan, forkorta til DNT. Kvinnherad travlag har eigne lover og medlemslister.

Magne Huglen var medeigar i hesten Maxwill CN som i si tid sprang inn over kr. 300.000,- med 7 sigrar på Bergen Travpark. Han overtok vallaken når karrieren var over.

Lena Iren og Linda Jensen eig unghesten Jelle Kalisi, ei hoppe som har vore med i det som vert kalla Til start samlinga, det også på Bergen travpark.

Tommy Røssland er oppført med fire hestar, som alle gjer det godt på travbanen og som totalt kan syna til ei god merittliste og gode inntekter.

Tekst/ nett: Kristian Bringedal

Foto: Faksimile frå DNT sitt travmagasin.



Overskrifta Norges yngste travlag, Kvinnherad som vart skipa for tre år sidan.